

**Protokoll**

**Studivstyret ved Det humanistiske fakultet**

Tidspunkt: 27.11.24

Stad: Harald Hårfagres gate 1, møterommet i 1 etasje

**Møtt:**

Svein Ivar Angell, Torodd Kinn (LLE), Jesse Tomalty (FOF), Birger Solheim (IF), Svein Atle Skålevåg (AHKR), Kjersti Aarstein (SKOK), Gry Ane Lavik (UB), Fillip R. Jakobsen (studentrepresentant) og Maria S. Økland (studentrepresentant)

**Meldt forfall:**

Benedicte Irgens (IF), Christian Sæle (AHKR) og Pål Steiner (UB)

**Frå administrasjonen:**

Julie Alver Tønsaker, Ayla Tessem, Ellen Vikersveen, Hanne Svanholm Misje, Peder Lippert Fuglevik, Sarita Helen Øygard og Rebekka Nistad

**Observatører:**

Helga Ramstad Vatsaas (LLE), Kjersti Ure Engevik (AHKR) og Robert Graff Bakkevold (IF)

**I Godkjenning av innkalling og saksliste**

Godkjende

**II Godkjenning av protokoll frå 16.10.24**

Godkjend

**III Orienteringssaker**

**SAK 33/24: Ny mal for programevaluering**

Studivstyret tar saka til orientering.

### **SAK 34/24: Rapport frå studiestart 2024**

Studiestyret tar saka til orientering.

### **SAK 35/24: Rapport om mentorordninga ved UIB**

Studiestyret tar saka til orientering.

## **IV Drøftingssaker**

### **SAK 36/24: Utvida mentorordning – starte diskusjon om fagleg tilknytning**

Studiestyret drøfta saka, og det kom fram følgjande synspunkt:

Mentorordninga har som mål å hjelpe studentane til å finne seg til rette både fagleg og sosialt på studieprogrammet. Studentane må kjenne eigarskap til og meistring i faget for å bli verande på studieprogrammet.

Den faglege tilknytninga bør starte i første semester, med møteplassar for fagmiljø og studentar som skal gjere overgangen til andre semester enklare. I andre semester bør integreringa rettast meir spesifikt inn på studieprogramma.

Det er viktig med god kontakt mellom mentor, programleiar og studiekonsulent for å avklare korleis den faglege forankringa til mentor/mentorgruppene skal organiserast. Men det er uansett viktig at fagmiljøa koblar mentorgruppene på faglege arrangement som til dømes faglunsjar og gjesteforelesingar.

Eit felles mål for mentorordninga er å styrke studentane si HF-tilhørighet og trygge overgangen frå vidaregåande skole til høgare utdanning.

### **SAK 37/24: Nytt studiekvalitetssystem**

Studiestyret uttrykt ønske om at det administrativt blir lagt til rette for ei ordning for dokumentasjon av det løpande studiekvalitetsarbeidet på programma, mellom anna for å sikre tilgang til historikk når emne- og programevalueringar skal skrivast hv kvart 3. og 6. år. Ein måte å gjere det på, er å oppretthalde praksisen med årlege eigenvurderingar på programnivå, men la programleiar stå fritt til å avgjere korleis grunnlagsmateriale frå emneansvarlege skal innhentast.

Når det gjeld organisering av eksterne aktørar i studiekvalitetsarbeidet, vil det vere ulikt mellom institutta kva løysing som vil vere den beste. Men det er semje om at det i mange tilfelle vil vere best at dei eksterne referansane fungerer for fleire program.

## **SAK 38/24: Rekrutteringsplan**

Studiestyret tar saka til orientering.

Det er tilrådd å bruke stipendiatar og studentar til skolebesøk, fordi elevane melder om at det er lettare å snakke med dei som sjølv er studentar. Fakultetet oppmoda òg institutta om å kople fakultetsleddet på lokale rekrutteringstiltak, for å bidra med støtte og koordinering.

## **SAK 39/24: Utfyllande reglar for gradsstudium og opptak ved Det humanistiske fakultet**

**Vedtak:** Studiestyret tilrår vedtak av nye utfyllande reglar for gradsstudium og opptak ved Det humanistiske fakultet, med verknad frå 1. januar 2025, med dei kommentarar som kom fram i møtet. Saka blir sendt til fakultetsstyret for vidare handsaming.

Studiestyret fekk utkast til reviderte HF utfyllande reglar tilsendt i sakspapir til møte 27.11.24. I saksframlegget til Studiestyret var det særleg fire reglar Studiestyret blei bedt om å vere særleg merksame på:

### *1. Til § 3-2 Emnekodar*

Studieseksjonen på fakultet vil, etter eit eventuelt vedtak, gå i gang med å oppdatere bacheloroppgåveemne ved HF slik at dei får «bachelorprosjekt/bacheloroppgåve» i emnetittelen. Dette vil skje i samråd studieadministrasjon og fagmiljø. Emne med bacheloroppgåve i tittelen vil få endra gjentaksregel for å tilpassast UiB si forskrift (eitt gjeldande forsøk på emnet) og emne som blir definert som semesteroppgåve vil ha vanleg gjentaksregel (tre forsøk).

Det var ingen kommentar frå Studiestyret til dette punktet.

### *2. Til § 8-4 Kontinuasjoneksamen*

I sakspapira til Studiestyret er det lagt opp til at Studiestyret skal kome med framlegg i møtet til korleis kontinuasjonseksamen skal handterast på HF frå 1. januar 2025. Diskusjonane i Studiestyret skal basere seg på utgreiing gjort blant programstyra ved HF. Sjå frå side 148 i [sakspapira til Studiestyret for utgreiinga](#).

Det var ikkje tilstrekkeleg tid til diskusjon i møtet i Studiestyret, og dette punktet blei derfor utsett til våren 2025. HF har ein utfyllande regel i dag som ivaretar studentar som har rett på kontinuasjon, og diskusjonen kan takast opp igjen våren 2025 med tanke på implementering frå hausten 2025. Saka vil bli lagt fram på nytt for både Studiestyret og Fakultetsstyret i løpet av våren 2025.

### 3. Til § 9-8 Sensorane

(2) Studiestyret tar stilling til reglar knytt til bruken av ekstern sensor på bacheloroppgåver.

Studiestyret ser ikkje behov for eigne reglar for HF når det gjeld bruk av ekstern sensor på bacheloroppgåva, og tilrår at kravet om ekstern sensor blir fjerna frå HF utfyllande reglar. Regelen blir då lik den som er stilt i Universitets- og høgskulelova. Det er fortsatt mogleg å bruke ekstern sensor dersom eit emne/institutt vil det.

### 4. Til § 10-4 Samansetjing av mastergrad

(3) Talet på sider på masteroppgåva er upresist, og arbeidsgruppa føreslår å endre regelen til å gjelde antal ord.

Studiestyret er einige i at antal ord er ei betre presisering på lengde enn sidetal. Studiestyret påpeikte og at vi har masteroppgåver på både 30 og 45 studiepoeng, som ikkje bør ha same krav til antal ord som 60 stp. For masteroppgåve på 30 eller 45 studiepoeng må antal ord stå i emneomtalen for kvart emne.

Andre kommentarar i Studiestyret:

Arbeidsgruppa hadde føreslått å fjerne denne regelen:

*Til § 6-1 Studieåret*

Til (2)

Undervisning i eit emne går normalt gjennom heile semesteret. Studentar skal ha høve til å følge undervisning i fleire emne samstundes. Som hovudregel skal det vere undervisning i emna éin gong i studieåret, med mindre oppbygginga av studieprogrammet krev noko anna.

Bakgrunnen for forslaget er at regelen ikkje er i tråd med røynda, og fleire emne ved HF har blokkundervisning. Studiestyret påpeikte at det er uheldig å ta vekk ein slik regel når vi samstundes skal ha meir samarbeid på tvers, til dømes i utforming av emnepakkar i Studieporteføljeprojektet. Det er utfordrande å ha emne med og utan blokkundervisning i same emnepakke. Studiestyret vil behalde denne regelen enn så lenge.

### **Merknad til protokollen frå Christian Sæle repr frå AHKR :**

AHKR ønsker å komme med følgende merknad til protokollen: Vi ønsker å opprettholde arbeidsutvalgets forslag om å fjerne regelen § 6-1 *Studieåret*: «Undervisning i eit emne går normalt gjennom heile semesteret. Studentar skal ha høve til å følge undervisning i fleire emne samstundes (...)». Som arbeidsutvalget påpeker er «regelen ikkje i tråd med røynda, og fleire emne ved HF har blokkundervisning». Å opprettholde denne regelen

betyr at tre av AHKR's studieprogram ikke er i overensstemmelse med gradsreglementet, eller i beste fall opererer i en gråson. Det er uheldig. Blokkundervisning er delvis et resultat av UiB FRAM, men har også funnes før dette. UiB FRAM skal evalueres høsten 2025, og vi bør etter vår mening ikke operere med et reglement som står i motsetning til både til etablert praksis, og tiltakene i dette prosjektet før de er evaluert. I forbindelse med studieprogramprosjektet det heller ikke blitt lagt noen føringer på semesterorganiseringen, og i utviklingen av emnepakker vil en blokkorganisering også ha mange fordeler når det gjelder kombinasjoner av emner, blant annet fordi emnene i hver av blokkene ikke vil kollidere.

#### *Til § 10-3 Samansetjing av bachelorgrad*

HF får nytt gradskrav ved innføring av Studieporteføljeprojektet, og det blei kommentert i møtet at det må presiserast at breiddekomponenten i programma ikkje kan bli oppfylt med ex.phil. og det nye fellesemnet i første semester.

### **SAK 40/24: Innspel til ny EVU-strategi**

Martin Paulsen innleia om saken og arbeidet med den nye EVU-strategien. Studiestyret hadde på førehand fått tilsendt nokre spørsmål som grunnlag for drøfting i møtet:

Kva er prioriteringane på instituttet når det gjeld EVU?

Kva moglegheiter ser institutta i EVU-verksemd?

Korleis opplever instituttet samarbeidet mellom institutt og fakultet når det gjeld EVU?

Kva tenkjer undervisningskoordinatorer og studieleiarane om å ta eit større ansvar for å sikre god kommunikasjon mellom institutt og fakultet?

Kva er prosedyrar og praksis for etablering av nye EVU-tilbod ved instituttet?

Det blei ikkje tid til inngående diskusjon i møtet, og medlemmane er bedne om å sende inn nokre skriftlege refleksjonar i etterkant.

Svein Ivar Angell informerte om endringane i dei økonomiske rammene for finansieringa av EVU. Arbeidet med ny EVU-strategi skal vere fullført innan januar.

## **SAK 41/24: Spurveugleprisen – oppnemning av komité**

### **Vedtak:**

Studivstyret oppnemner følgjande komité for innstilling til Spurveugleprisen 2024:

- Jesse Tomalty (FOF)
- Kjersti Aarstein (SKOK)
- Maria S. Økland (studentrepresentant)

Bergen, 03.12.24

Svein Ivar Angell  
visedekan

Julie Alver Tønsaker  
studiesjef